

**I april ligg alt til rette for ei stor og spesiell konsertoppleving i Aktivitetshuset. Det er no klart at ein av Nordens aller beste trompetistar Frank Brodahl kjem for å ha konsert med skulkorpsmusikantane.**

Det er den nye dirigenten i skulemusikken, Anders Christensen, som har utnytta kontaktnettet sitt, og såleis har klart å få denne trompetvirtuosen til Kvinnherad. – Jeg kjenner Frank godt. Han har alltid vert et forbilde for meg, ja, han har vert som en mentor for meg, fortel Anders som sjølv er ein svært dugande trompetist.

Prosjektet er eit samarbeid mellom skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen, og Frank Brodahl er engasjert både som instuktør og som solist på konsertane. Det er planlagt to konsertar, - ein i Rosendal og ein her i Uskedalen. Anders fortel at det vert lagt opp til eit skikkeleg spenstig konsertprogram og noko av musikken som vert framført, vil vera spesialarrangert for anledningen av Frank Brodahl.

– Her blir det storbandmusikk, salsa, youngblood ..... ja, det skal virkelig svinge av et variert musikkprogram!! Det skal være et utvalg som treffer både unge og eldre!

Før ein kjem så langt, er det mykje som skal på plass, og det vert sett ned ei prosjektgruppe som er samansett av dirigenten og representantar frå dei to korpsa. Likevel er det klart at det ligg til rette for at det vert ein konsert vi ikkje har opplevd maken til i Uskedalen tidlegare.

Meir om Frank Brodahl kan de finna på [www.frankbrodahl.com](http://www.frankbrodahl.com)

Av: Thor Inge Døssland